



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1863 - 18/7016

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.03.2018

Omgjering av vedtak etter klage - utleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 238/41 Eknes indre

Administrativt vedtak saknr.: 108/18
Tiltakshavar: Harald Nordås
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS
Type utlepp: Sanitært avløpsvatn med utlepp mindre enn 50 pe
Søknadstype Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld søknad om utleppsløyve for fritidsbustad med adresse Eidavegen 219 på gbnr. 238/41. I samsvar med søknaden skal utleppet frå eigedomen reinsast i slamavskiljar før utleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø på minst 20 meters djupne. Storleiken på utleppet er opplyst til 6 pe.

Det vert vist til søknad motteken 09.06.17 og supplert 12.08.17.

Det vart i vedtak datert 05.12.17 gjeve avslag på søknad om utleppsløyve, administrativt vedtak saknr.: 538/17. Tiltakshavar har i brev datert 07.12.17 klaga på avslaget.

Føretaket Norva24 Birkeland har i e-post datert 19.02.18 opplyst følgjande:

(...)Har vert på synfaring i dag med Harald Nordås på Eidavegn 219

Her kan me tømme planlagt septiktank med ordinert tømmeutstyr.

Vil legge inn ein merknad om at bil må vere tom.

Denne merknaden brukar me på mange tankar.(...)

På bakgrunn av klagen og nye opplysningar i saka, vert klagen tatt til følgje og vedtak datert 05.12.2017 omgjort, jf. forvaltningslova § 33 2.ledd.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område omfatta av kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023, arealet er avsett til LNF-føremål.



Søknad om utsleppsløyve og etablering av slamskiljar til fritidsbustad i område avsett til LNF-føremål krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan.

Vidare ligg eigedomen innanfor byggeforbodet langs sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8. Søknad om utsleppsløyve og etablering av slamskiljar på eigedomen krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

Søknad om dispensasjon vert handsama i administrativt vedtak saknr.: 106/18, datert 05.03.18.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan dagsett 12.08.17, som syner leidning via nausttomt tilhøyrande gbnr 238/41.

Reinseløysing

Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Utsleppspunktet ligg på minst 20 meter djupne.

Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Privatrettslege tilhøve

Harald Nordås er oppgitt som ansvarleg søkjar og eigar, jf punkt 1 og 9 i søknadsskjema. I følgje matrikkelen, som er det sentrale eigedomsregisteret i Noreg, er det Jannice Myran Nordås som er heimelshavar. Kommunen legg til grunn at naudsynte privaterettar ligg føre.

Det ligg føre tinglyst rett til å grave grøft for vann og avløp over gbnr. 238/3 for eigedom gbnr. 238/41.

Drift og vedlikehald

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmeast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13. Naudsynte slamavskiljar skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga, jf Forskrift for slamtømming.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Det ligg registreringar av nær trua dyreart – Stær, observert 27.05.11 - i området lenger sørvest for eigedomen.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VURDERING

Det er stadfesta at slamtømming er mogleg innanfor ordinære vilkår i slamtømmeforskrifta. Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering no godkjennast slik den ligg føre.

Godkjenning etter andre lovverk

Det ligg føre uttale frå Bergen og Omland Havnevesen datert 16.01.2018.

Det må liggje før løyve etter hamne- og farvasslova før det kan gjevast løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad, med adresse Eidavegen 219, i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar, av godkjend type, før utsleppet vert ført i tett, nedgraven leidning til sjø på minimum 10 meter djupne.
2. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
3. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Bortfall av løyve

Vedtak om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harald Nordås	Eidsvågveien 100 A	5101	EIDSVÅGNESET
Jannicke Myran og Harald Nordås	Eidsvågveien 100 A	5101	EIDSVÅGNESET
Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ

Mottakrar:

Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
-------------------------	---------------	------	----------